

UTLEIGEREGLANE FOR VIKSDALEN SKULE, SAMFUNNSHUSAVDELINGA OG VIKSDALEN BYGDETUN.

(Vedteke i Gaular kommunestyre, K 61/96)

Gjeldande frå 01. september 1996

1. MYNDE TIL Å LEIGE UT LOKALE

- 1.1. Samarbeidsutvalet ved Viksdalen skule står for utleige av samfunnshusavdelinga, skulen og kjøkkenet og hallen i Viksdalen Bygdetun.

Samarbeidsutvalet vert supplert med eit medlem valt av lag og organisasjonar når utvalet handsamar utleige for samfunnshusavdelinga og Viksdalen Bygdetun. Valperioden fylgjer valperioden i kommunen.

- 1.2. Ved utleige over lengre tidsrom skal søknaden sendast skulen og leggjast fram for samarbeidsutvalet som avgjer leigeforholdet for 1 år om gongen.
- 1.3. Rektor gir løyve til einskildtilstelningar. I tvilstilfelle samrår han seg med leiaren i samarbeidsutvalet og evt. skule- og kultursjefen.
- 1.4. Utleige av lokale vert kunngjort ved fellesannonse for alle skulane i Gaular i lokalpressa med søknadsfrist sett til 15. mai.
- 1.5. Til vaksenopplæring får arrangøren leige skulerom etter avtale med rektor.

2. GENERELT

- 2.1. Skulearrangement går føre andre tilstelningar i skulen sine lokale. Skulen har førerrett til bruk av samfunnshusavdelinga mellom kl. 08.00 og kl. 16.00 i skuleåret. Utleige skal til vanleg leggjast til etter kl 16.00.
- 2.2. Regelbundne tilstellingar må vike for eingongsarrangement (møte, basarar, konsertar, foredrag og liknande)
- 2.3. Utleige må ikkje kome i konflikt med retningslinene for helgedagsfreden.
- 2.4. For bruk av lokala og bruk av anlegget gjeld dei vanlege politivedtektene, herunder og eventuelt stengingsvedtekter. Tilstellingar skal til vanleg vere avslutta innan kl 00.30. Ut over denne tida må det søkjast om dispensasjon frå Gaular lensmannskontor.
- 2.5. Leige av møterom og liknande må vere tilgjengeleg for alle lovlege føremål, og ingen må stengjast ute av religiøse eller politiske grunnar. Alle må ha samme rett til å leige.

- 2.6. For samfunnshusdelen kan det tilskipast/arrangerast dans. Søknad skal handsamast i samarbeidsutvalet.
- 2.7. Samfunnshusavdelinga vert stengd ein månad i sommarferien 01.07 – 01.08, på grunn av reinhalds- og vedlikehaldsarbeid.

Etter løyve frå rektor, eller den som rektor delegerer avgjerdsmynde til, kan samfunnshusavdelinga nyttast til einskildtstillingar i tidsrommet 01.07 – 01.08 dersom vedlikehaldsarbeidet ikkje vert hindra.

- 2.8. Ved utleige av samfunnshusavdelinga i helgar, feriar og liknande vinterstid må leigaren syte for snørydding / sandstrøing når dette er nødvendig.

3. BRUKSREGLAR

- 3.1. Det er forbode å nyte alkohol i dei utleigde lokala på skulen og i samfunnshusavdelinga eller på skuleområdet. Leigaren skal straks vise bort rusa personar og personar som ikkje rettar seg etter reglane.
- 3.2. Leigaren er ansvarleg for ro og orden under tilstellingar av alle slag.
- 3.3. Røyking er forbode inne.

4. BRUK AV ROM OG INVENTAR

- 4.1. Rektor avgjer kva rom leigaren skal bruke.
- 4.2. Materiell og utstyr som kommunen eig, skal berre brukast etter særleg avtale med rektor.
- 4.3. Leigaren syter for at alt inventar og utstyr er sett tilbake på plass etter bruk.
- 4.4. Når dusjane er i bruk utanom skulen si undervisningstid, skal ansvarshavande vere til stades i dusj- og omkleddingsrom. Helsrådet sine føresegner gjeld.
- 4.5. Avdelingane og uteområda må vere rydda seinast innan kl. 08.00 neste dag når det er skuledag, elles innan kl 13.00.

5. REINHOLD

- 5.1. Leigaren syter for reinhald i samsvar med gjeldande reinhaldsføresegner og reinhaldssystemet som er innført ved bygningane. Avdelingane sitt reinhaldsutstyr skal nyttast.
- 5.2. Dersom leigaren får andre til å utføre reinhaldet mot betaling, skal det faste reinhaldspersonalet ha førerrett og betalast etter tariff.

5.3. Alt avfall både ute og inne må leigaren fjerne.

6. ANSVAR

6.1. Leigaren nemner opp ein ansvarleg for kvar tilstelling.

6.2. Leigaren står ansvarleg for all skade på hus og utstyr.

6.3. Skade skal meldast til vaktmeister innan ein dag etter skaden er gjort.

6.4. Vaktmeister/ rektor deler ut nøklar og fører liste over kven som til kvar tid har nøklar til avdelingane. Barn må ikkje få utlevert nøklar.

6.5. Ved einskildtilstellingar skal nøklane straks leverast tilbake til skulen. Ved faste utleigeordningar vert nøklar levert til skule innan 01.07. kvart år.

6.6. Leigaren er ansvarleg for at lyset er sløkt, vindauge attletne og dørene låste.

6.7. Vaktmeisteren inspiserer romma etter utleige og melder frå til rektor om skaar, uorden og misbruk.

6.8. Rektor og vaktmeister skal gripe inn og gi påbod dersom det førekjem brot på utleigereglane.

7. ØKONOMI

7.1. Det vert til vanleg ikkje kravd husleige. Kommunen betaler lys og oppvarming.

7.2. Ved tilstellingar som gir inntekt, skal det betalast ei leige som svarar til 5 % av bruttoinntekta, men minimum kr 100,- og maksimum kr 3000,- pr dag for leige av skulen. Maksimumsleige pr dag for samfunnshusdelen vert sett til kr 1000,- og kr 250,- for Bygdetunet. Leige av skulekjøkken vert kr 250,- pr dag.

7.3. For utleige av samfunnshusavdelinga til private arrangement og liknande vert leiga kr 1000,- med kjøkken og kr 750,- utan kjøkken pr dag. Eigne prisar for utleige av utstyr som bord, stolar og dekketøy.

7.4. Ved salsutstillingar, varedemonstrasjonar, private arrangement og liknande skal det betalast ei leige på kr 250,- pr rom i skulen.

7.5. Ved bruk av Viksdalen Bygdetun som møtelokale skal det betalast ei leige på kr 50,- for kvart møte.

7.6. Kommunestyret kan justere takstane i samband med budsjetthandsaminga etter framlegg frå samarbeidsutvalet.

7.7. Inntektene som tilfell høvesvis skulebygg, samfunnshusdelen eller Bygdetunet kan nyttast til innkjøp og til vedlikehald.

8. TVIST

- 8.1. Dersom det oppstår usemje om leigetilhøva, skal leigaren rette seg etter påbod som rektor og leiaren i samarbeidsutvalet har vorte samde om.
- 8.2. Avgjerda kan ankast inn for skule- og kulturutvalet til endeleg avgjerd.

Til 7.3. Gjeldande utleigeprisar for stolar, bord og dekketøy. (vedteke i samarbeidsutvalet 01.10.2009

Utleige av 1 –5 bord med stolar	kr 300,-
Utleige av 6 - 10 bord med stolar	kr 400,-
Utleige av 11 – 20 bord med stolar	kr 500,-
Utleige av 21 el. fl. Bord med stolar	kr 600,-
Utleige av dekketøy	kr 500,-

Øydelagde utleigeting må erstattast i tillegg til utleigeprisane.

Det skal førast utleigelogg der ein kvitterar ut alt motteke utleigd inventar.